



PARTSBREV ENKELSAK

Fjordlaks Aqua AS

6001 ÅLESUND

Dykkar ref.**Vår ref.**

15/875-20/FE-144, FA-L12, TI-&18//AO

Dato:

10.11.2016

**Melding om vedtak - klage på kommunestyrevedtak 033/16 - Søknad
frå Fjordlaks Aqua AS**

Viser til Dykkar søknad vedk. ovannemnde, og melder med dette at det er gjort følgjande vedtak under sak 087/16 :

KS-087/16 VEDTAK:

Stordal kommunestyre tek klaga til følgje og opphevar vedtak i KS 033/16.

Stordal kommunestyre gir Fjordlaks Aqua dispensasjon frå arealplan til å etablere oppdrettsanlegg på lokalitet Skjortneset i samsvar med søknad datert 03.11.15 og presiseringar som kjem fram i skriv datert 07.10.16, der ein særleg vektlegg at det skal etablerast anleggstype med ringar og førflåte.

Vedtaket er gjort med heimel i plan og bygningslova § 19-2.

Dispensasjonen vert i første omgang gitt for 10 ar.

Jf. vedlagde særutskrift.

Med helsing
Stordal kommune

Alexander Oudijk
Konsulent

Kopi til:

Fiskeridirektoratet
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Kystverket Midt-Norge
Møre og Romsdal fylkeskommune
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Norges Miljøvernforbund
Stordal Elveeigarlag v/ leiar Jarle Hove
Stordal Elveeigarlag v/Johan Bernt

Øvrebust
Stordal Landbruksråd v/Harald Jøsvoll

Vedlegg:

Nr. Vedlegg

- 1 Klage på kommunestyrevedtak 033/16 - Søknad frå Fjordlaks Aqua AS
- 2 Dispensasjon frå gjeldande arealdelplan i Stordal kommune
- 3 Innspel til klagesak Fjordlaks Aqua - Skjortneset
- 4 Klage på vedtak vedr. dispensasjon frå arealdelplan - etablering av akvakulturanlegg mellom Skjortneset og Vidhammer

Sender – stempelet til forvaltningsorganet	MELDING OM RETT TIL Å KLAGE OVER FORVALTNINGSVEDTAK <i>(Forvaltningslova § 27, tredje og fjerde leddet)</i>
Stordal kommune Kommunehuset 6250 Stordal	

Mottakar (namn og adresse)	Dato	Klageinstans
		Stordal formannskap. Klaga sendast: Stordal kommune, Kommunehuset 6250 Stordal

Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De ønskjer å klage over vedtak De er gjort kjent med	
KLAGERETT	De har rett til å klage over vedtaket
Kven kan De klage til	Klaga skal først sendast til det organet De får denne meldinga frå. Dersom ikkje dette organet endrar vedtaket sitt som følge av klaga, vil ho bli sendt vidare til klageinstansen for å bli avgjort der. Dersom vedtaket er gjort av det kommunale eller fylkeskommunale organet, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller det organet som desse har fastsett. Dersom vedtaket er gjort av kommunestyret eller fylkestinget, er klageinstansen Kommunaldepartementet eller det organet det har gitt myndigheit.
Fristen til å klage	Klagefristen er <i>3 veker</i> frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er ute. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk oppgi når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få klagefristen forlenga. De bør da i tilfelle nemne kvifor klaga er forseinka.
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	I klaga skal De skriva kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klaga. Klaga må underskrivast.
Utsetjing av vedtaket	Sjølv om De har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast i verk straks. De kan likevel søkje om å få dette utsett til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing.	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det forvaltningsorganet som har sendt denne meldinga. Der kan De også få nærmare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for saksbehandlinga elles.
Kostnader ved klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgiftene til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld likevel normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller vedkommande advokat kan gi nærmare rettleiing. Det er også høve til å krevje dekning for større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Vert vedtaket endra til fordel for ein part, kan ein også søkje om å få dekkja vesentlege kostnader i samband med saka. Dersom det trengst, vil klageinstansen orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning for sakskostnader.
Klage til Sivilombodsmannen	Det er også mogleg å klage til Stortingets ombodsmann for forvaltinga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen har ikkje høve til å behandle saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom klaga Dykkar blir avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De derfor ikkje seinare få saka Dykkar inn for Sivilombodsmannen.

Særlege opplysningar